



Arkivnr: 2014/10496-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Bestilling av selskapskontroll

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 34/12 i møte 13.6.12:

1. *Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomførte og resultata av desse.*
5. *Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

Det vart også vedteke slikt oversendingsforslag:

«I samband med punkt 4.1 (selskapskontrollprosjekt...)

Prioritet

Nr. 4 Arkivplikta

Ber om at det vert vurdert/lagt til rette for at arkivplikta til selskapa vert ivareteke også etter at selskapa vert avvikla.»

I den vedtekne planen er det føreteke slik prioritering blant fleire alternative prosjekt:

4.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge

1. Sunnhordland Lufthavn AS – er gjennomført
2. Fylkeskommunal eigarstyring – er gjennomført

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

3. Business Region Bergen AS – er gjennomført

4. Arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i
5. Bompengeselskapa
6. Selskapskontroll av Bussanlegg AS med datterselskap og Bystasjonen AS

4.2 Selskapskontroll – prioriterte prosjekt

- *Valen Kraftverk AS*
- *Vestnorsk Filmsenter AS*
- *Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS*
- *Strandgaten 195 AS*
- *Arbeidsmarknadsbedriftene*
- *Bybanen AS*

Fylkeskommunen har tidlegare vedteke at selskapskontrollen også skal omfatte:

- bompengeselskapa fylkeskommunen har eigarskap i (jf. fylkestingsak 13/06),
- fylkeskommunen sine tildelinger av tilskot eller næringsstøtte til verksemder, lag og organisasjoner (jf. fylkestingsak 17/05).

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 35/12 i møte 18.06.12:

"Sak om ev. selskapskontroll av Fastlandsambandet Halsnøy AS vert ein del av diskusjonen til sak om bestilling av selskapskontroll i møte i kontrollutvalet 23.8.12. Sekretariatet vert beden om å undersøke om det i vedtekten til selskapet er gjort etterhald om at fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har høve til å føra kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser, utan hinder av teieplikt, jf. vedtak i fylkestinget 9.12.08 i sak 61/08."

På førespurnad til fylkesrådmannen vert det opplyst at det 30.5.2006 vart send brev til fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga 13.6.06 der det vart gjort greie for at slikt etterhald var lagt inn som forslag til vedtektsendring frå styret. Protokoll frå generalforsamlinga viser at slik endring i vedtekten vart samrøystes vedteke:

"Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har høve til å føra kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser."

Drøfting:

På bakgrunn av det som kjem fram over skal kontrollutvalet for det første velgja det eller dei nye prosjekta for gjennomføring av selskapskontroll. Som det går fram over er det gjennomført selskapskontroll av prosjekt 1, Sunnhordland Lufthavn AS, prosjekt 2, Fylkeskommunal eigarstyring og prosjekt 3, Business Region Bergen. Det skal også gjennomførast ein prosess i dette møtet der føremålet er å gjennomføre kontrollutvalet si evaluering av plan for selskapskontroll. På bakgrunn av det som kjem fram i denne evalueringa vil det vera naturleg for kontrollutvalet å velgja det prosjektet som då vert prioritert som nr 1.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærmare, t.d. ved å formulere problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på.

Konklusjon:

Det vert invitert til m.a. val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra selskapskontroll innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan(-ar) i tråd med dei føringerar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan (-ar) vert å sende til sekretariatet seinast innan 7.4.14.
4. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram som melding i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.